

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9, Bergen/Video 998290

MØTETIDSPUNKT: 30.08.2016 KL. 13:30 – 17:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Ingen forfall

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør (sak 039 og 040)
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)

SAKLISTE

Sak	034/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	035/16	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 23.06.2016
Sak	036/16	Administrerande direktør si orientering
Sak	037/16	Utredning nasjonal sjukehusapotekføretak
Sak	038 /16	Budsjettprosess 2017
Sak	039 /16	Legemiddelmangel – status og tiltak
Sak	040/16	Beredskapshendingar produksjon

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Ettersendt 29.8
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak	041/16	Eventuelt Skriv og meldingar
-----	--------	---------------------------------

Lukka del

Sak 042/16, 043/16 og sak 044/16 vert handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak	042/16	Verksemdsrapport Sjukehusapoteka Vest per juli 2016	Vedlagt
Sak	043 /16	Sjukefråvær	Vedlagt
Sak	044 /16	Samhandling med kommunar	Vedlagt

OPE DEL

Sak 034/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedlagt

Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.
Ingen saker meld til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 035/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 23.06.2016

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 23.06.2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 23. 06. 2016.

Sak 036/16 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

1. Rapportering tilsynssaker

*munnleg orientering om tilsyn produksjonsavdeling i Stavanger

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

*Brev frå Helse Vest om tilleggsdokument til oppdragsdokument var vedlagt innkallinga

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Strategiarbeid og Helse 2030

*munnleg orientering

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Sak 037/16 Utredning nasjonal sjukehusapotekføretak

Oppsummering

Framdrifta i prosjekt «utgreiing av nasjonalt sjukehusapotekføretak» er i samsvar med milepælsplan. Det er sidan sist styremøte gjennomført 20 intervju, ein IKT-workshop og samla inn utvalde nøkkeltall for sjukehusapotekføretaka. Det er gjennomført to prosjektgruppemøter og laga forslag til strategiske fokusområder, utkast til no-situasjonsanalyse, interessentanalyse og kommunikasjonsplan. Omfang og utforming på analysane er ein del av diskusjonen i prosjektgruppa. Det gjeld og i kva grad ein skal rekne på omstillingskostnader. Neste steg i arbeidet er å ferdigstille analyse av no-situasjon, samt evaluere dagens organisering opp mot eit nasjonalt sjukehusapotekføretak. Det skal haldast prosjektgruppemøte den 9. og 26. september før endeleg rapport vert handsama av styringsgruppa den 6. oktober og hjå regiondirektørane den 31. oktober. Prosjektet vert forankra i regionen gjennom det regionale direktørmøtet. Neste orientering til styret vil være i samband med styremøte og styreseminar den 4. og 5. oktober i år.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek framlagt statusrapport frå prosjekt «Utredning av nasjonalt sykehusapotekføretak» til orientering.

Sak 038 /16 Budsjettprosess 2017

Oppsummering

Plan for budsjettprosess 2017 vart presentert og diskutert.

Vedtak (samrøystes)

Styret sluttar seg til føreslegen prosess og framdriftsplan for budsjettprosess 2017, og ber administrasjonen innarbeide innspel og føringar til mål og føresetnader i det vidare budsjettarbeidet.

Sak 039 /16 Legemiddelangel – status og tiltak

Oppsummering

I 2016 har det som følge av mangelsituasjonar internasjonalt ved fleire høve gått tomt for legemiddel og legemiddelgrupper. Trend for mangelsituasjonar synest å vere aukande. Sjukehusapoteka Vest (SAV) har tett samarbeid med grossist, helseføretaka (HFa) og nasjonal funksjon for oppfølging av legemiddelangel ved Oslo universitetssjukehus (OUS) for å førebygge og handsame mangelsituasjonar.

Det er behov for å utarbeide regional prosess for prioritering, rasjonering, samarbeid og informasjonsflyt, samt avklaring av regionalt legemiddelutval (r-LMU) sin rolle ved legemiddelmangel, under dette også beredskapslager og rutinar ved fordeling av legemiddel i regionen ved mangel. SAV vil saman med HFa følgje opp gjennomgang av kritiske lister for regional beredskapslagring av legemiddel med utgangspunkt i Helsedirektoratet sine anbefalingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering.

Sak 040/16 Beredskapshendingar produksjon

Oppsummering

Sjukehusapoteka Vest (SAV) etablerte beredskapsleiing den 30.juni, 29.juli og 29. august som følgje av funn av bakteriar i rutinemessige prøver på eit av produksjonsromma ved Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS). Ved alle tre hendingane blei aktuelle produkt (TPN) tilbakekalla. Det er ikkje indikasjonar på at produkta er kontaminert eller at pasientar har vorte sjuke som følgje av dette. Det er gjennomført rotårsaksanalyse og førebyggjande tiltak som til dømes nedvask av sterilrom, gjennomgang arbeidsprosessar for reinhald og prøvetaking samt kontroll av ventilasjon. Produksjonsrommet vert halde stengt fram til årsak til bakterievekst er sannsynleggjort og nye prøver viser at rommet kan takast i bruk. Produksjon av TPN til Helse Stavanger er gjort i alternative lokaler med bistand frå sjukehusapoteka i Haugesund og Bergen ved behov.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering.

Sak 041/16 Eventuelt Skriv og meldinga

Ingen sakar meld.

LUKKA DEL

Sak 042/16 Verksemdsrapport per juli 2016

Oppsummering

Rapport frå verksemda per juli 2016 vart gått gjennom.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapportering frå verksemda per juli 2016 til etterretning.

Sak 043/16 Sjukefråvær

Oppsummering

Sjukefråvere i Sjukehusapoteka Vest har i periodar vore særst høgt. I 2012-13 gjekk fråvere ned. Tala auka frå 2014 og langsiktig trend har vore aukande sidan. Tal per juli 2016 syner ein forsiktig utflating i trend.

Forskning rundt sjukefråvær tilseier at ein treng lokale, skreddersydde løysingar med god forankring hjå dei tilsette for å redusere sjukefråvere (Lise Lien, Fafo). Johnson m.fl 2006 peikar på 4 helsefaktorar som er viktig for å auke del langtidsfriske:

- Medviten organisasjons og klare mål
- Kreativt miljø
- Rådjevande leiing
- Åpent arbeidsklima

IA tiltaka i Sjukehusapoteka Vest er fast del av årleg Handlingsplan Helse Miljø og Tryggleik.

Sjukehusapoteka har og fokus på organisasjon, fullmakt, leiing og medarbeidarskap. Sjukefråvere er eit av 2 tema i HMT Internrevisjon haust 2016.

Tiltak i handlingsplan og konkret plan frå Sjukehusapoteket i Bergen vart presentert i møtet som eksempel på praktisk oppfølging.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek sak til vitande og ber Sjukehusapoteka Vest halde fram med arbeid for å redusera sjukefråværet.

Sak 044/16 Samhandling med kommunar

Oppsummering

Styret handsama den 13. april i år sak om samhandling med kommunar (sak 017/16) og ba då administrasjonen om å innhente ei juridisk vurdering av handlingsrommet for Sjukehusapoteka Vest (SAV) frå Helse Vest. Administrasjonen har etter dialog med eigaravdelinga i Helse Vest motteke ei juridisk vurdering frå Helse Vest datert 21.08.2016. Notatet konkluderer med at ein rår SAV i frå å delta i konkurransar på den private marknaden. Sidan Helse Vest ikkje har vedteke at SAV skal være sjølvstendig avtalepart med eigne avtaler mot kommunar rår ein SAV til å ta kontakt med helseføretaka som er part i desse avtalen med tanke på å avklare korleis og i kva omfang ein kan få legemiddelhandtering og vegleiing inn i samarbeidsavtalane. Helse Vest oppmodar og SAV å ta saka vidare til det regionale AD-møtet.

Administrasjon tek råda frå Helse Vest til etterretning, og vil ta kontakt med sjukehusføretaka for vidare avklaring.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande og ber om at administrasjonen vidare fører dagens praksis med å ikkje delta i anbodskonkurransar frå kommunane men arbeide med å avklare korleis Sjukehusapoteka Vest kan delta i samarbeidsavtalar mellom sjukehusføretaka og kommunane.

Ref. Berit Berntsen
30.08.2016

Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne (sett)	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem